



Ingar Kiplesund vart noregsmeister i helga. Her er han fotografert på Haugland i august.

**To ungdommar med sterk Uskedalstilknytning gjorde det svært skarpt då NM i friidrett innandørs vart arrangert av Dimna IL i Ulsteinhallen laurdag og søndag. Førsteårs senior Ingar Kiplesund(f.1996) vart noregsmeister i lengde medan Thomas Myklebust Heggøy (f.1994) kom på ein svært sterk 5.plass på 800 m.**



Lovande Thomas M. Heggøy fekk ein flott 5.plass i NM.

[Ingar Kiplesund](#) sette både mesterskapsrekord og personleg rekord då han sikra seg NM-tittelen med 7,53m. Resultatet er berre 8 cm bak norgesrekorden innandørs som lyder på 7,61m. Den ferske noregsmeisteren representerer Trondheim Friidrett, og besøker ofte bestemor Margot Haugland her i Uskedalen.

[Thomas Myklebust Heggøy](#) gjorde eit svært godt løp då han sprang inn til 5.plass i finaleheatet på 800m. Han fekk tida 1.57.86. Han var berre 1,8s frå ein plass på pallen. Han har ein NM-tittel frå i fjor då han vart meister i 4x400m stafett saman med 3 lagkameratar frå Gular. Thomas tilbringar mykje av sommaren på Rabben Feriesenter som foreldra hans driv.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Privat og Thor Inge Døssland